DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

# (MØTEBOK)

# FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrun Gullaksen, Terje Storemark, Turid Moldøen og Rune Minde.

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen

Meldt forfall: Tone Sævi

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 24/21 – 27/21

| F 24/21 | **GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 03.11.2021** |
|---|---|
| **Vedlegg** | Møteboka frå 03.11.2021<br>Innkallinga til møtet 30.11.2021 |
| **Vedtak:** | **Referat og innkalling godkjent utan merknader.** |

| F 25/21 | **ORIENTERINGAR** |
|---|---|
| | • Basarpengar og bruken av desse<br>• Organistressursen framover |

| F 26/21 | **UTVIDING AV GRAVPLASSEN - FRAMHALD** |
|---|---|
| | <u>Bakgrunn:</u><br>Soknerådet godkjente i sist møte planane for utvidinga av gravplassen i Bøgardsvika. Kyrkjeverja sendte etter avtale med teknisk sjef planane vidare til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har no gitt sine kommentarar. Følgjande har blitt påpeikt:<br><br>• Dei tilrår ca. 3 meter mellom gjerde og næraste grav og ca. 1 meter mellom intern gangveg og næraste grav.<br>I planteikningane er buffersonene for små.<br><br>• Det må føreliggja detaljerte planar for utforming av minnelund og minnesmerke. Dette kan gjerast på eit seinare tidspunkt. |

<table>
<tr><td></td><td>
<ul>
<li>Ved tilførsel av masse på felt E, må festarane tilskrivast i god tid på førehand.</li>
<li>Kva skal skje med skogen? Fjernast heilt, la noko stå igjen eller ikkje gjera noko?</li>
<li>Universell utforming, gjera greie for korleis dette skal utførast.</li>
<li>Uttale frå helsemyndigheita.</li>
</ul>
Kommunen har engasjert ARTEC og Rune Tangen for å utføra planarbeidet.
Teknisk sjef tilrår at internveg mellom felt E og F enten vert tatt vekk eller gjort smalare i tillegg til at rekkja nærast vegen vert redusert med 11 graver, for at avstanden mellom muren og gravrekkja nærast muren får den avstanden som statsforvaltaren tilrår. Ved å gjera dette slik får ein til å laga natursteinsmur, som er ønskjeleg.
Teknisk sjef tilrår at skogen vert ståande.
Artec v/Rune Tangen syner til at området ligg godt til rette for universell utforming.
AU har drøfta saka i møte torsdag 25. nov. AU meiner at skogen må fjernast heilt. Skogen er om lag 50 år gamal og skog har ingen tradisjon på Fedje. Skogen er også tilhaldsstad for kråker og hjort. Desse utgjer ei vedvarande plage på gravplassen.
<u>Framlegg til vedtak:</u><br>Fedje sokneråd stør framlegget endringane i planane om å redusera talet på graver i felt F, for å få tilstrekkeleg buffersone og for å oppretthalda planen om å setja opp ein gråsteinsmur. Ved å gjera dette grepet følgjer ein tilrådinga frå statsforvaltaren.
Fedje sokneråd tilrår at skogen vert fjerna. Ved å fjerna skogen heilt vil ein også redusera plagene frå hjort og kråker, som gjer mykje skade på gravminnene.
</td></tr>
<tr><td>Vedtak:</td><td>Fedje sokneråd stør framlegget endringane i planane om å redusera talet på graver i felt F, for å få tilstrekkeleg buffersone og for å oppretthalda planen om å setja opp ein gråsteinsmur. Ved å gjera dette grepet følgjer ein tilrådinga frå statsforvaltaren.</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| | **Fedje sokneråd tilrår at skogen vert fjerna. Ved å fjerna skogen heilt vil ein også redusera plagene frå hjort og kråker, som gjer mykje skade på gravminnene.** |

| F 27/21 | **BUDSJETT 2022** |
|---|---|
| | Bakgrunn:<br>Med utgangspunkt i informasjon frå rådmannen, vil soknet i 2022 få eit rammetilskot på kr 1.125.000. Dette er ein auke på 25.000 frå førre året og er såleis ei justering for pris og lønsvekst. Kyrkjeverja sitt framlegg har justert for bortfall av organistressursen. Her er det justert opp for honorar for ekstern organistressurs, samt gjort ein auke i timelønsposten, med same grunngjeving. Det er gjort nokre endringar i nummereringa av enkeltpostar, etter tilråding frå rekneskapsførar. Det er også gjort justeringar i forhold til endringar i stillingsressursane. Kyrkjeverja sitt framlegg til driftsbudsjett balanserer og vil med nøkternt forbruk vera tilfredsstillande for soknet si drift.<br><br>*Framlegg til vedtak:*<br>*Fedje sokneråd godkjenner utkast til budsjett for 2022.* |
| **Vedtak:** | **Fedje sokneråd godkjenner utkast til budsjett for 2022.** |

# (MØTEBOK)

# SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrun Gullaksen, Terje Storemark, Turid Moldøen og Rune Minde.

Meldt forfall: Tone Sævi

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 25/21 – S 28/21

**DEN NORSKE KYRKJA**
Fedjekyrkja

| S 25/21 | **GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 03.11.2021** |
|---|---|
| Vedlegg: Referat og innkalling | Møteboka frå 03.11.2021<br>Innkallinga til møtet 30.11.2021 |
| **Vedtak:** | **Innkalling og referat godteke utan merknader.** |

| S 26/21 | **ORIENTERING** |
|---|---|
| | • Julekonserten<br>• Sjøvegs kyrkjereis 2022<br>• Julefesten |

| S 27/21 | **TRUSOPPLÆRINGSPLANEN - REVIDERING** |
|---|---|
| | Bakgrunn: |

| Alder | Namn på tiltak | Kor mange samvær | Samla timetal | |
|---|---|---|---|---|
| 0 | Dåpssamtale | 3 | 3 | |
| 4 | Utdeling av 4 års bok | 1 | 2 | |
| 7 – 8 | Tårnagenthelg | 2 (gudst inkludert) | 12 | |
| 11 | Utdeling av bibel | 3 | 6 | |
| 11 – 12 | Lys Vaken | 2 (gudsteneste inkludert) | 24 | |
| 13 -18 | Bibelgruppe/u alpha | 10 | 20 | |
| 15 | Konfirmasjonstida | 12 | 60 | |
| 15 – 18\| | Leiartrening | 10 | | |

Vedlagte trusopplæringsplan vart vedteke i soknerådssak 17/20, 1. des 2020. Koronarestriksjonar har ført til at langt færre trusopplæringstiltak har blitt utført som planlagt. Konfirmantåret, utdeling av bøker, samt dåpssamtalen har blitt gjennomført. Tårnagenthelg og lys vaken er tiltak som har blitt utsett.
Revisjon av trusopplæringsplanen vert gjort etter drøfting i soknerådet.

*Framlegg til vedtak:*
*Revidering av trusopplæringsplanen vert gjort som drøftingssak i soknerådet.*

| | |
|---|---|
| **Vedtak:** | **Revidering av trusopplæringsplanen vart gjort som drøftingssak i soknerådet.**<br>AU sonderer muligheten for ein % stilling som trusopplærar. |

| S 28/21 | **MØTEPLAN** |
|---|---|
| | Møteplanen vert sett opp i møtet:<br>• 08. februar<br>• 29. mars<br>• 31. mai |